

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 15/8065-2

## Legevaktberedskap ved stenging av tunnel

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune dekker ikkje kostnader med ekstra legevaktberedskap i samband med stenging av tunnelar.
- 2 Helseberedskapslova § 2-1 slår fast at den som har ansvaret for ei teneste også har ansvaret for naudsynte beredskapsførebuingar for den utøvande tenesta, inkl. finansiering.
- 3 Legevaktberedskap er eit kommunalt ansvar. Kommunane må difor dekke ev. kostnader med ekstra legevaktberedskap i tilfelle der tunnelar er stengde for trafikk mellom anna på grunn av utbetningsarbeid.

### Vedlegg:

Brev frå Årdal kommune, berekna kostnader legeberedskap

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

#### Grunnen for at saka er fremja

I Statens vegvesen sin rapport nr 183 «Hva vil det koste å fjerne forfallet på fylkesvegnettet?» frå februar 2013, er det registrert eit samla behov på om lag 4 mrd. kr for å fjerne forfallet og gjere naudsynte oppgraderingar på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane. Av dette var om lag 2,6 mrd. kr knytt til tunnelar.

Frå 1.01.2015 trådde «Forskrift om minimum sikkerhetskrav til visse tunneler på fylkesvegnettet» i kraft. Føremålet med forskrifta er å sikre eit lågast tillate tryggningsnivå for trafikantar i tunnelar ved krav om å førebygge kritiske hendingar som kan sette menneskeliv, miljø og tunnelanlegg i fare og til å syte for vern i tilfelle ulukker. Forskrifta gjeld for tunnelar i bruk, under bygging eller under prosjektering på fylkesveg med lengde over 500 meter og ein gjennomsnittleg ÅDT på 300 køyrety eller meir.

Utbetring av tunnelar for å oppfylle krava til tryggleiksnivå etter forskrifta skal utførast etter ein tidsplan og vere fullført innan 1. januar 2020. Fylkeskommunar med stor tunnelmasse kan etter søknad til Vegdirektoratet få forlenga frist med inntil 5 år.

Tunnelar som er omfatta av tunnelsikkerhetsforskrifta blir inspiserte kvart 5. år. Desse tunnelinspeksjonane har vore grunnlaget for Statens vegvesen sitt arbeid med ein plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane. Denne planen kjem som eiga sak i fylkestinget. Vi har 42 tunnelar som vert omfatta av tunneltryggleiksforskrifta. Desse skal utbetrast seinast innan 2025. Utbetringane vil medføre stengingar etter same opplegg som for Høyangertunnelen i Høyanger og Bermålstunnelen i Årdal.

Utbetring av Høyangertunnelen vil starte i oktober 2015. Under store delar av anleggsperioden vil tunnelen vere stengt for trafikk i to tre-timars periodar. Under anleggsperioden vil Balestrand vere utan legevakt på natt, då dei har legevaktsamarbeid med Høyanger/Førde.

I Årdal/Lærdal skal Bermålstunnelen utbetrast i 2016. Anbudsgrunnlaget for dette arbeidet er ute på anbod. Statens vegvesen reknar med tildeling av kontrakt i okt.-15 med mogleg anleggsstart i nov.-15. For Bermålstunnelen er det også skissert/planlagt to tre-timars periodar der tunnelen blir stengt for trafikk.

Under utarbeidinga av anbudsgrunnlaga for Høyangertunnelen og Bermålstunnelen har det vore møte med kommunane (Høyanger, Balestrand, Årdal), næringslivet i kommunane, politi, Helse Førde m.fl. for å drøfte eit regime for stenging av tunnelen. For å få mest mogleg rasjonell anleggsdrift (t.d. boring, sprenging, sprøytebetong) vil det vere behov for to lengre periodar der tunnelane er stengde. «Blålysetatar» som ambulans, brann og politi vil sleppe gjennom tunnelen når dei er ute på oppdrag med blålys. Dette føreset at entreprenør vert varsla på førehand pr. tlf. slik at tunnelen er rydda for passering når køyretøy under utrykking kjem til tunnelen.

Det er drøfta stenging av Bermålstunnelen på dagtid eller på natt. Det er konkludert med at det er mest hensiktsmessig å stenge tunnelen på natt. Stenging av tunnelen på dagtid ville medført at nesten alle bussruter vart midlertidig nedlagde, varetransporten sterkt redusert og høve til pendling til/frå Årdal sterkt redusert.

Årdal kommune har inngått legevaktsamarbeid med Lærdal og Aurland med felles legevakt på natt i Lærdal. Med stenging av tunnelen i to periodar på natt hevdar kommunen at legeberedskapskapen i Årdal vil bli vesentleg svekka og at det er nødvendig med legeberedskap i Årdal når tunnelen er stengt på natt. Tunnelen vil vere stengt frå 23:30 til 02:30 og 03:00 06:00. Det vil vere fri ferdsel mellom 02:30 og 03:00. I samband med den planlagde stenginga ber Årdal kommune om at fylkeskommunen må dekke kommunen sine kostnader med ekstra legeberedskap i samband med utbetringa av Bermålstunnelen.

#### Sentrale problemstillingar

Kravet frå Årdal kommune reiser ei prinsipiell problemstilling, som fylkesrådmannen legg fram for politisk avklaring. Dersom fylkeskommunen skal dekke ekstrakostnader som kommunane vert påførte ved stenging/utbetring av tunnelar, vil det kunne påføre fylkeskommunen store ekstra utgifter.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig mange fylkesveggtunnelar som skal utbetrast i åra fram-over. Spørsmålet om ev. dekking av meirkostnader med å oppretthalde ein legevaktberedskap i desse tilfella vil truleg dukke opp fleire gongar. Fylkesrådmannen finn det difor nødvendig å få ei prinsipiell avklaring av dette spørsmålet. Dersom vi tek kostnadane med ekstra legevakt i ein kommune, må vi rekne med at dette vil skape presedens. Andre kommunar som vil kome i same situasjon vil tilsvarande kunne krevje dekning av ekstra kostnader med legevaktberedskap.

Vi har bedt fylkeslegen om ei vurdering av dette spørsmålet. Fylkeslegen opplyser følgjande:

*«Helseberedskapslova § 2-1 angir ansvarsprinsippet. Den som har ansvaret for en tjeneste, har også ansvaret for nødvendige beredskapsforberedelser og for den utøvende tjeneste, herunder finansiering, under krig og ved kriser og katastrofer i fredstid, med mindre noe annet er bestemt i eller i medhold av lov.»*

Denne ordlyden indikerer at ansvaret for ei teneste gjeld uansett så langt noko anna ikkje er bestemt i eller i medhald av lov.

Frå føreseigna sine førearbeid Ot.prp.nr.89 (1998 – 1999) går det fram:

*«Bestemmelsen understreker at den myndighet som har ansvaret for en sektor, også har ansvaret for nødvendige beredskapsforberedelser og for den utøvende myndighet i den samme sektor, i en beredskaps- eller krigssituasjon. En krise eller katastrofe eller krigsforhold medfører i utgangspunktet ingen endringer i de ordinære oppgave- og*

*ansvarsforhold. Dette kalles ansvarsprinsippet. Ansvarsprinsippet omfatter alle deler, herunder ansvaret for finansiering av beredskapsarbeid og beredskapsforberedelser.»*

Fylkeslegen sin konklusjon er difor at ansvarssubjektet, i dette tilfellet kommunen som har ansvaret for legevakt, må tilpasse seg situasjonar som krev endringar i korleis dei organiserer tenesta. Ekstraordinære hendingar som gjer organiseringa av arbeidet mindre gunstig, set som hovudregel ikkje lova sitt utgangspunkt for kven som har ansvaret for tenesta eller finansieringa til sides, med mindre det er bestemt i eller i medhald av lov.

Fylkeslegen peikar også på at dersom ein kommune vert utsett for betydelege utgifter som «utgiftskrevende forhold av betydning som kommunene ikke kan påvirke selv, og som ikke er fanget opp i inntektssystemet eller andre faste tilskuddsordninger», kan det vere mogleg å søkje om skjønsmidlar frå Fylkesmannen. Rammene for slike midlar er likevel avgrensa.

### **3. Konklusjon**

I samband med utbetringa av Bermålstunnelen og det planlagde stengingsregiment, har kommunen reist eit prinsipielt spørsmål om dekking av meirutgifter kommunen vert påført med legevaktberedskap i den perioden tunnelen vert stengt.

Det vil truleg kunne kome fleire slike krav/ønskje om dekking av meirutgifter når ein tunnel vert stengt på grunn av utbetring/rehabilitering.

I høve til dekking av meirkostnader til legevaktberedskap angir helseberedskapslova §2-1 ansvarsprinsippet som seier at «den som har ansvaret for ei teneste også har ansvaret for naudsynte beredskapsførebuingar for den utøvande tenesta, inkludert finansiering, under krig og ved kriser og katastrofar i fredstid.» Fylkeslegen sin konklusjon er difor at ansvaret for ei teneste gjeld uansett så langt noko anna ikkje bestemt i eller i medhald av lov og at kommunane som har ansvaret for legevakt må tilpasse seg situasjonar som krev endring i korleis dei organiserer tenesta.

Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkeskommunen ikkje tek på seg meirkostnader med m.a. legeberedskap under stenging av tunnelar i samband med utbetring/rehabilitering. Fylkesrådmannen viser også til at det kan vere mogleg for kommunane å søkje Fylkesmannen om skjønsmidlar i slike tilfelle.